Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

III. INNSKRIFTER MED *fuþork*

[**808**] N-30468.(Tidlegare omtala: Hagland 1990b:11; Sæterhaug 1976; Knirk 1994b: 183.)

Innskrifta står på baksida av botndelen til eit saksefutteral av tre, 225 mm langt, 31-35 mm breitt og 11 mm høgt. Utanom runene er det rissa inn ornamentikk på denne sida av gjenstanden, som vart funnen i 1975, felt FF i hovudfase 7. Det vil seia at funnkonteksten arkeologisk kan daterast til perioden mellom ca. 1175 og 1225. Innskrifta tek til i god avstand frå kant (ca. 35 mm) og er 93 mm lang. Runene er 27-30 mm høge. Det er spor av ornamentikk også på den delen av futteralet der innskrifta står. Restar av tilsvarande utskjeringar som dei vi elles finn på den sida, visest såleis tydeleg i veden f. o. m. r. 9 til r. 12. Nedste kvisten av r. 1 kryssar staven så vidt. Ingen av dei to kvistane er dregne heilt opp til nivå med toppen av staven. Bogen på r. 2 står eit lite stykke nede på staven. R. 4 har venstrevendt kvistsett, r. 5 open boge og r. 8, **n**, kvist med utløp så langt nede på staven at enden tangerer grunnlina for innskrifta. R. 11 har mogleg, men nokså usikker punktering. Frå staven av r. 13, litt nedanom det punktet der øvre bogen tek til, går det eit riss opp mot toppen av føregåande rune, r. 12, utan å nå heilt opp. Det kan såleis sjå ut til at rissaren med r. 13 eigentleg har byrja på **m** litt for tidleg og så gjeve opp rissinga av den runa når han har sett at han hadde gløymt **b**. Ettersom det ikkje er kontakt med toppen av r. 12, er dette meir sannsynleg enn at den runa er tenkt som tosidig, eller "langkvist" **t**. R. 13, **b**, har to frittståande bogar som når inn til staven i klår avstand både frå toppen og foten av denne (jf. ill.):

ᚠᚢᚦᛅᚱᚴᚼᛁᛅᛋᛏᛒᛘᛚᛦ
f u þ o r k h n i a s t b m l y

fuþorkhniastbmly

Utanom den særiegne utforminga av r. 13 er det ikkje spesielle runologiske særdrag ved denne innskrifta. Vi har her ein fuþork med 16 teikn utan tillegg av runer vi elles kjenner i runeinnskrifter frå mellomalderen. Ein slik 16-teikns fuþork er naturleg nok utan særlege merkeformer for runologisk tidfesting. Kva funksjon fuþork-en har hatt på ein

slik bruksgjenstand, er vel noko uvisst i dag. Den form for magi som slike innskrifter ofte vert sette i samanheng med, kan, reelt eller meir amulettaktig, vera aktuell som vern mot mogleg fåre. Elles kan vel ornamentikken på skrinet også tyda på at fuþorkinnskrifta har hatt ein dekorativ funksjon ved sida av det å tena andre moglege føremål.